

Innspel til kommuneplanen sin arealdel 2019-2031

Landbruk, natur, og fritidsområde.

«Aktuelle areal for handtering av overskotsmassar.»

Dagens bruk: Massedeponi. Regulert til næring

Ønska arealformål: Massedeponi LNF

Adresse: Krokjen 72. 5912 Seim.

Gnbr 163/1

På Espeland i Seim ligg der eit areal som pr dags dato vert nytta som massedeponi. Dette arealet er langt frå ferdig oppfylt og kan i mange år framover ta i mot reine jordmassar frå utbygging i nærområdet, og har i den seinare tid tatt i mot massar i forbindelse med utbygging av ny skule i Knarvik. Oppbygginga av massedeponiet med voll mot nærliggande arealt samt tilkomst rett inn frå FV 57 og noko drenering er ferdig. Arealet er med andre ord «klart» til å ta imot store mengder massar, og er dimensjonert for bruk av tippsemi.

Det vil vera god reklame for Lindås Kommune å kunna visa til at når ein foretar utbygging til næring, infrastruktur eller boligområder osv, så har ein, ein plan for at desse overskotsmassane vert nytta på ein fornuftig måte.

I den samanheng er det på høg tid at Lindås Kommune innser det **komplette idioti** i at dette arealet skal være avsatt til «næringsføremål» og ikkje opparbeidast til dyrka mark slik det var tenkt frå grunneigar si side.

Når kommunen i ei slik sak ikkje tar hensyn til grunneigar, så kan det på mange virke som at kommunen overkjører grunneigars interesser til fordel for eigne planar for området, og i den samanheng oppstår det ein heil del rykter, som utan tvil er til skade for Kommunen, kommunens ansatte og politikarane våre. Samt at det aukar avstanden mellom kommunen og «vanlege folk».

Det går langt raskare å riva ned eit godt rykte, enn det gjer å byggja det oppatt!

Eg vil på det sterkaste anbefala Lindås Kommune å ta hensyn til grunneigars ønsker og gjenninføra LNF status for området.

Det er til alles vinning at ein har eit massedeponi så nært Knarvik og Alversund!

Mvh

Aril Langesæter.